



# KYSTVERKET

Midt-Norge

Vestnes kommune

6390 VESTNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2011/2813-7

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:  
Børre Tennfjord

Dato:  
23.10.2018

## Uttale til offentlig ettersyn av Detaljregulering for Slutåshaugen - Gnr. 60, bnr.7 i Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke detaljregulering for Slutåshaugen til offentlig ettersyn etter at Vestnes kommune, ved planutvalet, i medhald av plan- og bygningslova § 12-11 har godkjent at reguleringsplanframlegget skal leggest ut. Frist for merknadar er sett til 25.november 2018.

### Kystverkets ansvar og kommentarar

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Kystverket skal gjennom sitt arbeide ivareta nasjonale interesser og føringar.

Kystverket sitt virke er først og fremst kopla til sjøareal i planar og dei sjønære areala som kan seiast å ha ein verknad på ferdselstilhøva. Våre generelle og særlege kommentarar til planarbeid, er knytt til slike tilhøve.

Vi ser av offentliggjeringsplanframlegget og avgrensinga av reguleringsområdet, at dette ikkje har nokon verknad på statlege anlegg, installasjonar eller ansvars- og influensområde for Kystverket. Det er lite sjøareal som vert føreset regulert og ingen del av forskriftsfesta lei ligg innanfor plangrensa. Vi har difor få kommentarar til avgrensinga og arealbruken i planområdet.

Den tilgrensande delen av Tomrefjorden er registrert med overordna struktur som påboden bilei og nummerert med lei nr. 2435. Fjorden er relativt lite nytta med registrert og tyngre fartøy. Det dreier seg i all hovudsak om eit mindre tal stykkgodsskip og fartøy frå verft. I tillegg veit ein at det førekjem ein del trafikk med småbåtar/fritidsbåtar som ikkje vert registrert gjennom AIS. Dimensjoneringa og planendringa på Slutåshaugen, vil ikkje verte påverka av sjøtrafikken eller andre sjørealterte omsyn.

Kystverket eller kommunen, vil etter fullstendig søknad vurdere alle tiltak i sjø etter gjeldande forvaltningsansvar, avleia av havne og farvannsloven. Naudsynte og spesifikke krav til utforming og utrusting vil følgje eit eventuelt løyve og basere seg på god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk av farvatnet. Desse tilhøva må tilpassast planen med føresegner. Kystverket kjenner ikkje til at det er lokaliseringssløyve for sjøbaserte anlegg innanfor reguleringsområdet. Det skulle soleis vere unødvendig å vurdere planforslaget mot

#### Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

eksisterande anlegg. Det er noko meir usikkert om ein skal risikovurdere planen opp mot meir perifere akvakulturlokasjonar i Tomrefjorden. Det næraste anlegget er lokalisert like aust for Dragneset på Gjelsten.

#### *Risiko og sårbarheit*

I planarbeidet må ein sjå om det kan vere behov for vurdering av tryggleik og forureiningsfare knytt til ulukker/uhell i tilstøytande fjordsystem og kva dei påreknelege konsekvensane vil verte for næringsinteresser, samfunn og natur.

Kystverket har så langt ikkje andre innspel eller kommentarar til framlagt forslag på detaljregulering for Slutåshaugen i Vestnes kommune.

Med helsing

Harald Tronstad  
regiondirektør

Børre Tennfjord  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen Region midt  
Fiskeridirektoratet Region Midt  
Norges vassdrags- og energidirektorat -  
Region Midt-Norge

Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 2500	6404	MOLDE
Fylkeshuset	6404	MOLDE
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO